

Saksframlegg

Saksnr	Utval	Møtedato
17/12	Komit� for n�ring, milj� og kultur	30.05.2012

ENDRINGAR I LOV OM FOLKEBIBLIOTEK - FR SEGN

Framlegg til vedtak:

Komite for n ring, milj  og kultur gir slik fr segn:

Vi st r framlegget til endringar i Lov om folkebibliotek, og har slik kommentar:

Folkebiblioteka og fagbiblioteka har ulike brukargrupper, og det er derfor naturleg at dei ikkje inng r i same lovverk.

Komiteen ser det som viktig at kommunane f r organisere folkebibliotektenesta slik det h ver best etter lokale tilh ve, og eventuelt gjennom eit lokalt reglement innan ramma av Lov om folkebibliotek. Det er viktig at folke- og skulebiblioteka har eit godt samarbeid.

For   sikre eit godt fagleg niv  p  folkebibliotektenesta, m  kravet om biblioteksjef med fagutdanning som bibliotekar oppretthaldast.

Framlegg til ny lovtekst avspeglar at nye media skal ha same rolle som b ker i folkebiblioteka, og at biblioteka har viktige funksjonar knytt til litteraturformidling og som lokale m teplassar.

Saksprotokoll i Komit  for n ring, milj  og kultur - 30.05.2012

PS 17/12 - ENDRINGAR I LOV OM FOLKEBIBLIOTEK - FR SEGN

Vedtak:

Komit  for n ring, milj  og kultur gir slik fr segn:

Vi st r framlegget til endringar i Lov om folkebibliotek, og har slik kommentar:

Folkebiblioteka og fagbiblioteka har ulike brukargrupper, og det er derfor naturleg at dei ikkje inng r i same lovverk.

Komiteen ser det som viktig at kommunane f r organisere folkebibliotektenesta slik det h ver best etter lokale tilh ve, og eventuelt gjennom eit lokalt reglement innan ramma av Lov om folkebibliotek. Det er viktig at folke- og skulebiblioteka har eit godt samarbeid.

For   sikre eit godt fagleg niv  p  folkebibliotektenesta, m  kravet om biblioteksjef med fagutdanning som bibliotekar oppretthaldast.

Framlegg til ny lovtekst avspeglar at nye media skal ha same rolle som b ker i folkebiblioteka, og at biblioteka har viktige funksjonar knytt til litteraturformidling og som lokale m teplassar.

Handsaming

Samrøystes vedtake.

Rådmannen, 14.05.2012

Vedlegg

- Brev, dat. 08.03.12 frå Kulturdepartementet
- Høringsnotat - Forslag til endringer i lov om folkebibliotek
- Forslag til endringar i lov av 20. desember 1985 nr 108 om folkebibliotek

Bakgrunn/faktiske opplysningar

Kulturdepartementet har 8.3.12 sendt forslag om endringar i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek på høyring.

Dette forslaget er i hovudsak ei oppfølging av St. meld. nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* (bibliotekmeldinga) som vart lagt fram i 2009.

Hovudpunkta i departementet sitt framlegg for folkebiblioteka er:

1. Departementet foreslår i denne lovrevisjonen at det ikkje gjerast endringar med omsyn til harmonisering av regelverket for folkebiblioteksektoren og fagbiblioteka.
2. Departementet går inn for justering i føremålsparagrafen for folkebiblioteka slik at han og reflekterer det ansvar biblioteka har innan *formidling* og som *møteplass*.

Vidare går departementet inn for at informasjon og kultur i *alle format* skal vere ein del av bibliotektenesta.

3. Det er viktig at loven sikrar kommunen sin fridom til å *organisere* sine bibliotektenester på den best teneleg måte. Loven legg til rette for alternative samarbeidsformer, både med andre kommunar, fylkeskommunar og statlege institusjonar. Dette opnar for at kommunane kan tenkje nytt og sjølv vurdere kva organisering som gir det mest optimale tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar.

Kommunane bør dessutan stå fritt til å fastsetje *reglement* for eiga folkebibliotekdrift innan dei rammer som er fastsette i biblioteklova.

4. Loven sitt krav om biblioteksjef med fagutdanning som bibliotekar vert oppretthalde, som primært forslag. Eit alternativt krav vil vere at kommunen har biblioteksjef, men at kravet om fagutdanning ikkje oppretthaldast

Vurdering

Det er ikkje lagt opp til store endringar i lovverket for folkebiblioteka i framlegget. Folkebiblioteka har ei viktig rolle som litteratur- og kulturformidlar, og som møteplass i lokalmiljøet. Dette kjem til uttrykk i den nye føremålsparagrafen i loven. Elles er bøker no berre eit av ulike media i biblioteka, og ny lovtekst avspeglar den teknologiske utviklinga her ved å innføre ei teknologinøytal plattform. Det er eit viktig prinsipp at kommunane får organisere folkebibliotekverksemda på den best tenelege måte, og det bør vere eit godt samarbeid mellom folkebiblioteka og skolebiblioteka i kommunane.

Eit tiltak for å sikre vidare god utvikling av folkebiblioteka, vil vere eit lovkrav om biblioteksjef med fagutdanning som bibliotekar i alle kommunar.

Konklusjon

Rådmannen rår komiteen til å gi fråsegn i samsvar med framlegg til vedtak.